



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 25.06.2015
Vår ref: 14/01717-4
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Øvernes skiferbrot gnr. 54/1 i Etne kommune. Tiltakshavar: Sjur Helge Ramstad

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92


Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått søknad, dagsett 26. november 2014, om driftskonsesjon etter § 43 i Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Sjur Helge Ramstad.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMF si heimeside: <http://www.dirmin.no/> under fana "Saker til høring". Høringsinstansane kan få tilsend papirutgåve av søknaden på spørsmål.

Høyringsfristen er 5. september 2015.

Søknaden

Sjur Helge Ramstad søker om driftskonsesjon for å ta ut skifer på Øvernes. Skiferbrotet ligg på nordsida av eksisterande trace for E 134, like aust for krysset med fv 48 til Skånevik. Gjeldande reguleringsplan er frå 2013.





Skiferbrotet har vore i drift i rundt 100 år. Det ber preg av ulike driftsformer gjennom fleire generasjonar. Sjur Helge Ramstad kom inn i drifta frå 2011-12. Verksemda er eit enkeltmannsføretak. Det er etablert for landbruksdrift på gnr. 54, bnr.1, og for maskinentreprenør-oppdrag. Den viktigaste kundegruppa er gardsbruk i bygda, til dømes med bygging av landbruksvegar.

Området det er søkt konsesjon for, er på 67 daa. Totalt uttak er omlag 1 200 000 m³. Årlig uttak er drygt 10 000 m³, men det kjem til å variere med etterspurnaden. Bergarten er ein svart/grå/blålig metabasalt. Det skifrige partiet er ca. 35 meter mektig. Frå gamalt av vart det produsert takstein her. No går det mest i murestein og forblendingsstein. Ein del stein vert knust til pukk.

DMF sin handsaming av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane, i samsvar med prinsippet om ei bærekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsmynde i saker med samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og alle uttak av naturstein, utan omsyn til storleik.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar, jf. forvaltningslova § 17. Normalt vil dette vere grunneigarar og andre med rettar, eigarar, drivarar, dei som bor på eller har rettar på naboieigedomar som saka kan innvirke på, samt kommunen, fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkaren får kommentere innkomne uttaler før DMF gjer vedtak.

Innkome konsesjonssøknader blir underlagt ei skjønsmessig prøving hjå DMF, før vi avgjer om vi skal gje driftskonsesjon. Ved vurderinga legg vi vekt på om søkaren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verker gjennomførbart økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift og om søkaren har tilrekeleg kompetanse for drift av førekomsten. Ved vurderinga skal det og leggest vekt på:

- Betydninga tiltaket har for verdiskaping og næringsutvikling
- Kva virkning tiltaket eventuelt har på naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- Virkninga tiltaket har på omgivnader under drift
- Dei miljømessige konsekvensane av utvinning
- Kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Viss DMF gir driftskonsesjon, vert det normalt knytt vilkår til denne, jf. minerallova § 43. Vilkår omfattar mellom anna krav om driftsplan, økonomisk sikkerheit for istandsetting og opprydding, mv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon i medhold av minerallova ikkje erstattar løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkaren sitt ansvar å innhente slike løyve.



Meir om høyringsuttalene

DMF oppmoder høyringsinstansane til å kome med grunna synspunkt på om vi bør gi konsesjon eller ikkje. Vi ber om konkrete framlegg til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast. Vi ber om at vurderinga blir halde innafør det fagområdet instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi om innspel som er relevante ut ifrå konkrete tilhøve i den aktuelle saka. Viss høyringsinstansen er kjend med tilhøve som ikkje er belyste i tilreккеleg grad i søknaden, ønsker vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytt til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette blir styrt av plan- og bygningslova. Difor vil ikkje synspunkt knytt til arealdisponeringa kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon fra reguleringsplan) bli lagt særleg vekt på ved vurderinga vår.

Vi ber kommunen spesielt informere oss så snart som mogleg om det er særleg berørde partar som ikkje står på adresselista.

Innsending av høyringsuttaler

Vi ber om at høyringsuttalene blir sende innan fristen 5. september 2015, på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyringsuttalene kan bli siterte i vedtaket om konsesjon/ikkje konsesjon. Viss uttalen er omfattande, er det ein fordel med eit samandrag som kan brukast til dette.

Venleg helsing

Torbjørn Killi Olsen
seksjonsleiar

Åse Bollingmo
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Sakshandsamar: Åse Bollingmo



Mottakere:

Etne kommune	Postboks 54	5591 ETNE
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune (hovedadresse)	Postboks 7900	5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Nils Osmund Halleland	Øvernes	5590 ETNE
Marie Øvernes	Øvernes	5590 ETNE
Sjur Helge Ramstad	Øvernes	5590 Etne
Inge Martin Saltnes	Øvernes	5590 ETNE
Karen Johanne Baalsrud	Øvernes	5590 ETNE
Kopi til:		
Omega Areal AS	Kvassanes	5582 ØLENSVÅG